



Dette er den gamle kraftstasjonen i Tverrelvo, som det ikkje blir aktuelt å renovera. (Foto. Ola Matti Mathisen)

**Det blir no arbeidt med planar for meir enn 30 minikraftverk i Kvinnherad, opplyser kommunen i den siste rapporten over næringsutviklinga. Unnataket er Uskedalen, for der vart kraftverkplanane førebels lagt på is for eit halvt år sidan.**

Det får uskedalen.no stadfesta frå grunneigarhald i Haugland/Kjærland-området. Prosjektet i Tverrelvo var stort og seriøst. Kraftverket ville fått ei fallhøgde på rundt 500 meter og årsproduksjonen ville ha vore så stor som 15 millionar kilowatt-timar (GWh). Kostnaden ville ha lege på mellom 20 og 24 millionar kroner og SKL var ei tid inne i biletet som medeigar.

Den gamle kraftstasjonen Kjærland Kraftverk ligg i Tverrelvo, men den er i for dårleg forfatning til å kunne renoverast og utnyttar ikkje fallet maksimalt. Stasjonen ligg eit stykke oppe i elva og inntaket var eit godt stykkje nedanfor der elva renn ut frå Mannsvatnet. Den nye kraftstasjonen skulle difor leggest heilt nede i dalbotnen samstundes som inntaket skulle flyttast oppover mot vatnet.

Det er ikkje økonomiske grunnar til den førebels skrinlegginga av prosjektet. Tvert i mot er dette eit prosjekt med lovande økonomiske prognosar. Når ein skilde grunneigarar ikkje ville vera med på det var hovudgrunnen at dei var usamde i den føreslegne eigar-fordelinga mellom Kjærland og Haugland av aksjeposten, får uskedalen.no opplyst.

Det er to minikraftverk berre i Omvikdalen. Matre fekk sitt minikraftverk for stutt tid sidan og Åkra er i gang med eit prosjekt.

Av Ola Matti Mathisen